



MODALEN KONTROLLUTVAL

MØTEPROTOKOLL

Møtedato: 19. oktober 2022 kl. 09.00 – 12.40

Stad: Formannskapsrommet, kommunehuset

Tilstades: Sigmund Vikane (leiar) Ove Eidsnes (nestleiar), Sigrunn Almelid Birkeland (medlem),
Linda Tollefsen (medlem) og Bjørn Helge Venås (medlem)

Forfall:

Andre: Økonomisjef Magne Verpelstad (i sak 45/22) og rådmann Jo Tømmerbakke (i sak 46/22)

Revisor: Revisor Ragnhild Kartveit Høyland, Vestlandsrevisjon IKS

Sekretær: Torbjørg Grøttveit Gjerstad, Region Nordhordland IKS

INNHALD

39/22 Godkjenning av innkalling og sakliste til møtet	2
40/22 Godkjenning av protokoll frå møtet 22.06.2022.....	2
41/22 Skriv og meldingar	3
42/22 Stadfesting av revisor si uavhengigheit.....	3
43/22 Orientering om overordna revisjonsstrategi og revisjonsplan.....	4
44/22 Framlegg til prosjektplan: Forvaltningsrevisjonsprosjekt med tema – oppfølging av politiske vedtak	5
45/22 Oppfølging av rapport om årsrekneskapen 2021, nr. 17	6
46/22 Orientering om rapport frå Industriutvikling Vest om Modalen Næringsbygg.....	7
47/22 Aktuelt i Modalen.....	8
48/22 Handtering av innkomne saker (henvendingar) – rettleiar og drøfting.....	9
49/22 Møteplan 2022	10
50/22 Gjennomgang av møteprotokollar frå politiske utval	11
51/22 Eventuelt	12



39/22 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE TIL MØTET

FRAMLEGG TIL VEDTAK

Innkalling og sakliste til møte i kontrollutvalet 19.10.2022 er godkjent.

BEHANDLING I MØTET

Samrøystes vedteke

VEDTAK

Innkalling og sakliste til møte i kontrollutvalet 19.10.2022 er godkjent.

40/22 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTET 22.06.2022

FRAMLEGG TIL VEDTAK

Møteprotokoll frå møtet 22.06.2022 er godkjent slik den ligg føre.

BEHANDLING I MØTET

Samrøystes vedteke

VEDTAK

Møteprotokoll frå møtet 22.06.2022 er godkjent slik den ligg føre.



41/22 SKRIV OG MELDINGAR

- a. Ny leiar i kontrollutvalet
- b. Invitasjon til kontrollutvalgslederskolen 2022_FKT
- c. Forespurnad vedr. interesse om kurs sendt frå sekretariatet

FRAMLEGG TIL VEDTAK

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.

BEHANDLING I MØTET

Samrøystes vedteke

VEDTAK

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.

42/22 STADFESTING AV REVISOR SI UAVHENGIGHEIT

FRAMLEGG TIL VEDTAK

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

BEHANDLING I MØTET

Ragnhild Kartveit Høyland forklarte kva uavhengighetserklæringa er.

Samrøystes vedteke

VEDTAK

Kontrollutvalet tek saka til orientering.



43/22 ORIENTERING OM OVERORDNA REVISJONSSTRATEGI OG REVISJONSPLAN

FRAMLEGG TIL VEDTAK

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

BEHANDLING I MØTET

Forvaltningsrevisor Ragnhild Kartveit Høyland, i Vestlandsrevisjon IKS, orienterte om revisjonsplanen og forklarte korleis ein jobbar gjennom året, med planleggingsfase, gjennomføringsfase og avslutningsfase.

Orienterte også om forenkla etterlevingskontroll, som er ein begrensa kontroll, men kan sei noko om den kommunale kontrollen.

Kontrollutvalsmedlemmene stile spørsmål og fekk svar.

Samrøystes vedteke

VEDTAK

Kontrollutvalet tek saka til orientering.



44/22 FRAMLEGG TIL PROSJEKTPLAN: FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT MED TEMA – OPPFØLGING AV POLITISKE VEDTAK

FRAMLEGG TIL VEDTAK

1. Kontrollutvalet vedtek prosjektplan for forvaltningsrevisjonsprosjektet «Oppfølging av politiske vedtak» slik den ligg føre frå Vestlandsrevisjon IKS.
2. Kontrollutvalet ynskjer statusoppdateringar om framdrifta i arbeidet i samband med møte framover.

BEHANDLING I MØTET

Oppdragsansvarleg forvaltningsrevisor Ragnhild K. Høyland i Vestlandsrevisjon IKS orienterte om framlegget til prosjektplan.

Kontrollutvalsmedlemmene drøfta planen, kom med innspel, stilte spørsmål og fekk svar. Tema som kom opp var om informasjon frå vedtak i kommunen, kjem godt nok fram til innbyggerane i kommunen.

Kontrollutvalet kom i felleskap fram til at dei yngste eit tillegg i punkt nr. 1 i vedtaket, i høve slik det låg føre frå sekretariatet: *med tillegg av ny problemstilling: Korleis vert politiske vedtak kommunisert til innbyggerane?*

Kontrollutvalet sitt felles framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke

VEDTAK

1. Kontrollutvalet vedtek prosjektplan for forvaltningsrevisjonsprosjektet «Oppfølging av politiske vedtak» slik den ligg føre frå Vestlandsrevisjon IKS, med tillegg av ny problemstilling: *Korleis vert politiske vedtak kommunisert til innbyggerane?*
2. Kontrollutvalet ynskjer statusoppdateringar om framdrifta i arbeidet i samband med møte framover.



45/22 OPPFØLGING AV RAPPORT OM ÅRSREKNESKAPEN 2021, NR. 17

FRAMLEGG TIL VEDTAK

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.

BEHANDLING I MØTET

Økonomisjef Magne Verpelstad orienterte om oppfølging av merknadane av årsrekneskapen 2021. Det er gjort forbedringar i rutinar og måten ein arbeider på.

Notatet frå økonomisjef vert lagt ved protokoll

Kontrollutvalsmedlemmene kommenterte, stilte spørsmål og fekk svar

Kontrollutvalsleiar yngste at vedtaksteksten skulle endrast litt i høve til sekretariatet sitt framlegg:
Kontrollutvalet tek saka til orientering

Kontrollutvalet vedtok samrøystes leiar sitt forslag til vedtak.

VEDTAK

Kontrollutvalet tek saka til orientering.



46/22 ORIENTERING OM RAPPORT FRÅ INDUSTRIUTVIKLING VEST OM MODALEN NÆRINGSBYGG

FRAMLEGG TIL VEDTAK

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.

BEHANDLING I MØTET

Rådmann Jo Tømmerbakke, orienterte om rapporten, «Modalen Næringsbygg – en vurdering foretatt av Industriutvikling Vest, des. 2021»

Pr. dags dato ligg vurdering for tiltak i henhold til rapporten på politisk nivå.

Kontrollutvalsmedlemmene kommenterte, stilte spørsmål og fekk svar

Samrøystes vedteke

VEDTAK

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.



47/22 AKTUELT I MODALEN

FRAMLEGG TIL VEDTAK

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.

BEHANDLING I MØTET

Rådmann, Jo Tømmerbakke, orienterte kort om:

- Budsjettarbeid for 2023
- Høyringsuttale frå kommunen til inntekssystemutvalet
- Statnett har informert i kommunestyret om utbyggingsplanar
- Kommunen har pr. i dag busett 5 flyktningar frå Ukraina
- Sak om kommunetv og strømming av politiske møte

Samrøystes vedteke

VEDTAK

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.



48/22 HANDTERING AV INNKOMNE SAKER (HENVENDINGAR) – RETTLEIAR OG DRØFTING

FRAMLEGG TIL VEDTAK

1. Kontrollutvalet ynskjer å nytta «Veileder, Håndtering av henvendelser til kontrollutvalget» utforma av Forum for Kontroll og Tilsyn (fkt.no) i arbeidet vidare.
2. Kontrollutvalet vedtek den framgangsmåten for sakshandsaming av henvendingar som sekretariatet har føreslege i saksframlegget. Denne føl forslaget til framgangsmåte frå FKT sin rettleiar.

BEHANDLING I MØTET

Kontrollutvalet drøfta tema.

Samrøystes vedteke

VEDTAK

1. Kontrollutvalet ynskjer å nytta «Veileder, Håndtering av henvendelser til kontrollutvalget» utforma av Forum for Kontroll og Tilsyn (fkt.no) i arbeidet vidare.
2. Kontrollutvalet vedtek den framgangsmåten for sakshandsaming av henvendingar som sekretariatet har føreslege i saksframlegget. Denne føl forslaget til framgangsmåte frå FKT sin rettleiar.



49/22 MØTEPLAN 2022

FRAMLEGG TIL VEDTAK

Møteplan vert justert med små endringar i tentativ plan for saker til kvart møte og lagt ved protokoll til orientering. Datoen for neste møte står som planlagt 07.12.22

BEHANDLING I MØTET

Samrøystes vedteke

VEDTAK

Møteplan vert justert med små endringar i tentativ plan for saker til kvart møte og lagt ved protokoll til orientering. Datoen for neste møte står som planlagt 07.12.22



50/22 GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR FRÅ POLITISKE UTVAL

FRAMLEGG TIL VEDTAK

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

BEHANDLING I MØTET

Ingen saker vart løfta fram

SAMRØYSTES VEDTAK

Kontrollutvalet tek saka til orientering.



51/22 EVENTUELT

BEHANDLING I MØTET

Det kom ei sak under eventuelt:

Varamedlemmer til kontrollutvalet

Leiar løfta fram at det er for lite varamedlemmer i utvalet. Det er ynskjeleg at antalet varamedlemmer er det same ved slutten av perioden som ved starten av perioden, då var det 3 varamedlemmer.

Kontrollutvalet kom difor med eit felles framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet minner kommunestyret om reglement rundt antal varamedlemmer og tilrår at det vert eit tilstrekkeleg antal varamedlemmer i utvalet.

SAMRØYSTES VEDTAK

Kontrollutvalet minner kommunestyret om reglement rundt antal varamedlemmer og tilrår at det vert eit tilstrekkeleg antal varamedlemmer i utvalet.

Neste møte i kontrollutvalet er 07.desember 2022

Modalen 19.10.2022

Sigmund Vikane

Leiar i kontrollutvalet

Torbjörg Grøttveit Gjerstad

Kontrollutvalssekretær

Dokumentet er elektronisk godkjent, og har difor ingen signatur

Kontrollutvalet: sak 45/2022

Tilbakemelding til kontrollutvalet i møte 19.10.22

Oppfølgingspunkt etter brev frå revisjonen: Rapport om årsrekneskapen for 2021, Nr 17

Budsjettoppstilling

Budsjettoppstillingane for 2022 er etter justering i KS-sak 028/2022 korrigert for tilsvarande feil som var i budsjettoppstillinga for 2021. Bruk av disposisjonsfond til finansiering av utgifter i investeringsrekneskapen er no budsjettmessig ført i Løyvingsoversyn – drift og Økonomisk oversyn – drift, samt ført på linja for Overføring til investering. I oversynet Løyvingsoversyn – investering er tilsvarande inntektsført på linja for Overføring frå drift.

Utestående krav

Me har framleis fokus og prioritet på faste purringsrutinar. Dette er vidareført 2022 som i 2021. Avdrag på lån vert òg fakturert og fylgt opp jamnleg.

Anleggsregister og gjennomgang av utnyttbar levetid

Fram mot avlegginga av årsrekneskapen for 2022 vil me ha ein gjennomgang av anleggsmidla, og gjere endringar i registrering av utnyttbar levetid når og dersom me finn at det er rett.

Bundne fond

Fram mot avlegginga av årsrekneskapen for 2022 vil me ha ein gjennomgang av gamle fondspostar og fondspostar utan bevegelse. Tilbakeføring og/eller inntektsføring vert vurdert i høve til vilkår og kva me elles finn i gjennomgangen.

Avsetjing for løyvingar frå næringsfondet

I samband med avsluttinga av årsrekneskapen for 2022 vil det verte gjort ei gjennomgang av løyvingar som er gjort, men utbetaling, heilt eller delvis, enno ikkje er gjort. Det vil då verte gjort avsetjing i tråd med gjeldande regelverk. I hovudsak vil det dreie seg om vurderingar knytt til om 1) løyvinga er vedteken, 2) det er rimeleg sikkert at løyvinga/tilskotet vil verte utbetalt og 3) utbetalinga/tilskotet kan målast med tilstrekkeleg pålitelighet, jfr pkt 12.1.1 i Rammeverk for kommuneregnskapet frå Foreningen for god kommunal regnskapsskikk, september 2021.

Modalen kommune, kommunekassen 28.09.22

Magne Verpelstad

Økonomisjef



Møteplan 2022

Modalen kontrollutval

Vedteke: 23.02.2022

Endra: 19.10.2022 (kun mindre endringer i tentativ sakliste)

Faste saker på kvart møte er:

1. Godkjenning av innkalling og sakliste
2. Godkjenning av protokoll frå sist møte
3. Meldingssaker
4. Orientering frå/dialog med ordførar og rådmann
5. I 2022: Oppfølging av internevaluering kontrollutvalsarbeidet (etter ynskje og behov)
6. Gjennomgang av møteprotokollar frå politiske utval

23. feb.	Rapport/orientering om interimrevisjon 2021 Status for årsrekneskapen 2021 – orientering Plan for forvaltningsrevisjon 2020-2024 – vidare prosess: orientering frå rådmann om moglege område for revisjon Årsmelding kontrollutvalet Årsmelding kontrollutvalssekretariatet - orienteringssak Budsjettvedtak kontrollutvalsarbeidet - orientering Kontrollutvalet årsplan/møteplan
4. mai	Årsrekneskap og årsmelding – Uttale frå kontrollutvalet Prosjektplan forvaltningsrevisjonsprosjekt - bestille Rekneskap for kontrollutvalsarbeidet 2021 Framlegg til budsjett for kontrollarbeidet 2023 Orientering frå ordførar om rapporteringsprosedyrar for tilskotsmottakarar frå næringsfondet
22. juni	Oppfølging av evaluering med drøfting Forenkla etterlevingskontroll med økonomiområdet 2021 Prosjektplan forvaltningsrevisjonsprosjekt - bestille Orientering om eventuelle kommande eksterne tilsynsrapportar Oppfølging av tilrådingar etter forenkla etterlevingskontroll 2020 med tema sjukelønsrefusjonar Orientering om organisering, struktur, lokalisering av dagsentertilbodet for eldre (på bakgrunn av korleis det er omtala i årsmeldinga, og at dette har vore eit tema det har vore etterspurt forbetringar innan tidlegare) Oppdatere møteplan for hausten ved behov
7. sep. NB: ny dato 19.10	Handsame prosjektplan forvaltningsrevisjon Plan for rekneskapsrevisjon 2022 Rekneskap: Oppfølging av punkt i revisjonsrapport Revisor sin uavhengighet Oppfølging av selskapskontroll 2018? Orientering om investeringsprosjekt og finansiering (KØB) Orientering overordna internkontrollsystem Orientering om budsjettprosess Oppfølging av eventuelle revisjonsmeldingar



7. des.	Statusorientering forvaltningsrevisjonsprosjekt Møteplan/årsplan for 2023 Oppfølging etterlevingskontrollar 2021 (rutinar/prosedyrar betaling for langtidsopphald på sjukeheim) og 2020 (sjukelønsrefusjon). Orientering om vedlikehaldsplan og finansiering (KØB) Orientering om aktuelle kurs <i>Orientering om eventuelle kommande eksterne tilsynsrapportar</i> Orientering om planen «Leve heile livet i Modalen.»
----------------	---

Overførast til 2023:

- Handsaming rapport forvaltningsrevisjonsprosjekt
- Oppfølging av rutinar/prosedyrar sjukelønsrefusjonar

Andre aktuelle orienteringssaker:

Økonomi og personal

Sentralarkiv

Orienteringar om organisering, internkontroll og pågåande utviklingsarbeid innan tenesteområda:

- Skule, barnehage, kultur
- Helse, pleie, omsorg
- Teknisk, drift m.m.

Andre saker, fortløpande ved behov:

Tilsynsrapportar frå eksterne

Eventuelle nummererte brev

Fortløpande orienteringar frå revisor

Fortløpande orienteringar frå sekretariatet

Eventuelle innmeldte saker frå innbyggjarane el andre eksterne

- Planen er godkjent med atterhald om endringar undervegs.

- Tema/saker til handsaming i kvart enkelt møte vert avklart med kontrollutvalsleiar før innkalling til møtet vert sendt ut.

- Møtedagar i Modalen kommune

Kontrollutvalet: onsdag (kl 09.00)

Kommunestyret: torsdag

Formannskap: tysdag